



Vestre Slidre
kommune

Eigarskapsmelding 2020

Innhold

1. Innleiing	3
2. Selskaps- og føretaksformer for kommunal sektor	5
2.1 Aksjeselskap (AS)	5
2.2 Interkommunale selskap (IKS)	5
2.3 Kommunalt foretak (KF)	5
2.4 Interkommunalt samarbeid.....	6
2.5 Stiftingar	7
2.6 Samandrag.....	8
3. Oversikt over kommunalt eigarskap i Vestre Slidre kommune	9
3.1 Aksjeselskap	9
3.2 Interkommunale selskap (IKS)	9
3.3 Interkommunale samarbeid etter kap. 18, 19 og 20 i kommunelova.....	10
3.4 KLP	10
3.5 Organisasjonar/foreiningar	10
4. Eigarskapspolitikk	11
4.1 Førmålet med kommunen sitt eigarskap	11
4.2 Vurdering og val av selskapsform.....	11
4.3 Val av utsending til generalforsamling/representantskap og val av styre	11
4.4 Tilsyn og kontroll	12
5. Eigarstrategi	13
5.1 Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter.....	13
5.2 Samfunnsansvar, miljø og etikk.....	13
5.3 Styret sitt ansvar.....	13
VEDLEGG: OMTALE AV DEI STØRSTE SELSKAPA (AS OG IKS)	14
a) Eidsiva Energi AS (org.nr. 983 424 082).....	14
b) ValdresEnergi AS (org.nr. 953 681 781)	15
Nytt fo.o.m. 2019: Valdres Energiverk Mor AS (org.nr 921 389 256) – stifta 30.08.2018	15
c) Valdres Kompetansevekst AS (org.nr. 887 208 662) – avvikla 2018	16
F.o.m. 2018: Valdres Arbeidssenter AS (org.nr. 917 149 275)	16
d) Valdres Folkemuseum AS (org.nr. 989 932 357).....	16
e) Valdres Kommunale Renovasjon IKS (org.nr. 956 351 111).....	17

f) Valdres Lokalmedisinske Senter - Eiendom IKS (org.nr. 998 436 826).....	17
g) Kommunerevisjon IKS (org.nr. 976 634 934).....	18
h) IKT Valdres IKS (org.nr. 995 607 409).....	18
i) Valdres Brann- og redningstjeneste IKS (org.nr. 920 213 820), stifta 21.12.2017	19

1. Innleiing

Kommunar har stor frihet til å organisere tenestene sine slik dei måtte ynskje, anten som ein del av kommunen som juridisk einheit eller gjennom etablering av sjølvstendige rettssubjekt (IKS eller AS).

Når tenesteproduksjonen vert lagt i eigne rettssubjekt, må kommunestyret si styring av selskapet utførast gjennom selskapets eigarorgan, og etter den aktuelle lovgjevnaden for slike selskap. Kommunestyret har uansett det overordna ansvaret for heile den kommunale verksemda, også den som vert driven av dei kommunaleigde selskapa.

Dei siste åra har tala på kommunale aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap (IKS) meir enn fordobla seg.

Når kommunane vel å organisere delar av verksemda si i selskap, vil det også vere behov for å ha ein overordna eigarskapspolitikk og eigarstrategi - som omfattar alle selskapa kommunen er eigar i. Eit aktivt eigarskap er grunnleggande for ein best mulig lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiane, og har direkte konsekvensar for selskapa, deira disponeringar og deira marknadsposisjon. Det er fleire utfordringar knytt til eit aktivt eigarskap – utfordringar som handlar om å avklare gjensidige krav og forventningar. Samtidig vil eit aktivt eigarskap gje viktige signal til omverda og styrke omdøme til kommunen.

KS har anbefalt at kommunane utarbeider ei rullerande eigarskapsmelding der det kommunale eigarskapet i verksemdar vert gjennomgått. Dette vil bidra til at dei folkevalde får ei oversikt over kommunen sin samla verksemd, samt å gje dei ei oversikt over dei ulike selskapsformene og dei juridiske styringsmoglegheiter som ligg i dei ulike organiseringane. Gjennom ei eigarskapsmelding kan kommunen dessutan gje meir overordna styringssignal til selskapsstyra, for eksempel politiske målsetjingar knytt til miljø, etikk og likestilling.

Det bør skiljast mellom dei krav kommunen stiller til korleis eigarskapet skal utøvast (eigarskapspolitikken), og dei krav kommune har til selskapet for å sikre at selskapet tek omsyn til dei målsetjingar og formål eigarane har (eigarstrategi).

KS har utarbeidd 19 anbefalingar for aktivt eigarskap:

1. Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde
2. Utarbeiding av eigarskapsmelding
3. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter
4. Val av selskapsform
5. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
6. Tilsyn og kontroll med kommunale foretak og med forvaltning av kommunens interesser i selskap
7. Samansetning og funksjon til eigarorgan
8. Gjennomføring av eigarmøte
9. Eigars krav til profesjonelle styre

10. Valkomitè for styreutnemning i AS og IKS
11. Rutiner for vurdering av styra sin kompetanse
12. Styresamansetjing i konsernmodell
13. Oppnemning av vararepresentantar
14. Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styra
15. Kjønnrepresentasjon i styra
16. Godtgjering og registrering av styrevert
17. Medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjon
18. Utarbeiding av etiske retningsliner
19. Administrasjonssjefen si rolle

Enkelte av desse punkta vil bli omtala nærare i kapitla om eigarskapsstrategi og eigarskapspolitikk.

2. Selskaps- og føretaksformer for kommunal sektor

2.1 Aksjeselskap (AS)

Eit aksjeselskap kan eigast av ein kommune åleine, saman med andre kommunar, staten eller private. I eit AS har eigarane avgrensa økonomisk risiko for selskapet sine økonomiske forpliktingar. På den andre sida rår ikkje eigarane fritt over selskapet sine inntekter og formue. Utdeling av eit eventuelt utbytte til eigarane skjer etter reglane i aksjelova.

Selskapet sitt øvste eigarorgan er generalforsamlinga. Gjennom vedtak i generalforsamlinga kan eigarane fastsette vedtekter og rammer for styret og leiinga av selskapet. Det er generealforsamlinga som vel styret. Styret har ansvar for forvaltning av selskapet og skal sjå til at det vert drive i samsvar med selskapets formål og vedtekter. Styret tilset dagleg leiar som skal stå for den daglege leiinga av selskapet.

2.2 Interkommunale selskap (IKS)

Eit interkommunalt selskap er ei sjølvstendig juridisk eining, og deltakarane kan vere kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap. Deltakarane har kvar for seg eit uavgrensa ansvar for sin del av selskapet sine forpliktingar. Selskapets øvste eigarorgan er representantskapet, som vel styre for selskapet. Gjennom representantskapet kan deltakarkommunane gjere vedtak som bind styret, og/eller dei kan omgjere vedtak som styret har gjort.

Styret har ansvar for at verksemda vert drive i samsvar med formål, selskapsavtale, årsbudsjett og andre vedtak i representantskapet.

Etablering og drift av IKS fylgjer Lov om interkommunale selskap. Ved etablering av eit interkommunalt selskap skal det opprettast ei skriftleg selskapsavtale. Lov om interkommunale selskap, § 4, omtalar dei punkta som må vere med i selskapsavtalen.

Felles for AS og IKS er at eigarstyringa må skje via generalforsamlinga/representantskapet. Årsmelding og rekneskap skal leggjast fram for kommunestyret til orientering, men kommunestyret kan ikkje gje direkte pålegg til selskapet.

2.3 Kommunalt foretak (KF)

Eit kommunalt foretak (Kommuneloven kap. 9) er ikkje ein eigen juridisk person, men ein del av kommunen som rettssubjekt. Kommunestyret er generalforsamlinga og vel styret og bestemmer vedtektene. Leiaren har ikkje rapporteringsplikt til kommunedirektøren, men han/ho har rett til å uttale seg før saker vert handsama i styret eller i kommunestyret. Kommunen er part i alle avtalar og er ansvarleg for føretaket sine forpliktingar. Dei tilsette vil ha kommunen som arbeidsgjevar og det er kommunestyret som vedtek budsjettet for føretaket.

Styret skal gjennom året halde kommunestyret orientert om utviklinga i inntekter og utgifter i føretaket.

Denne organiseringa vert gjerne nytta når både forretningsmessige og samfunnsmessige omsyn skal takast. Eksempel kan vere vassverk, drift av kommunal bygningsmasse, vaktmesterteneste og liknande. Dei einskilde tenesteområda i kommunen bestiller tenesta frå det kommunale føretaket etter behov.

2.4 Interkommunalt samarbeid

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) vart endra i 2018 med verknad frå 01.01.2020. I den nye lova heiter det at *«et interkommunalt samarbeid skal foregå gjennom et interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgavefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak, en foreining eller på en annen måte som det er rettslig adgang til»*.

I forrige lovtekst var det ikkje skilje mellom interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap, og desse samarbeidsformene vart kalla §27-samarbeid, mens vertskommunesamarbeid vart kalla §28-samarbeid (etter aktuelle paragrafar i den gamle lova).

Kommunane har 4 år på seg til å endre dei interkommunale samarbeid i samsvar med ny lov (ref. punkta under).

a) Interkommunalt politisk råd (kap. 18)

Kommunestyra i to eller fleire kommunar kan vedta å opprette eit interkommunalt politisk råd som skal handsame saker som går på tvers av kommunegrensene. Samtlige deltakarar i det politiske rådet skal vere representert med minst eitt medlem i representantskapet, veld av kommunestyret. Representantskapet er det øvste organet i eit interkommunalt politisk råd. Den enkelte deltakar i eit interkommunalt politisk råd har ubegrensa økonomisk ansvar for sin andel av rådet sine forpliktingar.

Rådet sitt namn skal innehalde orda «interkommunalt politisk råd».

Deltakarane i rådet skal inngå ei skriftleg samarbeidsavtale som skal vedtakast av kommunestyret. Samarbeidsavtalen skal bl.a. fastsette ansvarsområde og kva saker rådet skal handsame, kor mange medlemmer den enkelte deltakar skal ha i representantskapet, den enkelte deltakers eigarandel/ansvarsandel, m.m.

b) Kommunalt oppgavefellesskap (kap. 19)

Kommunestyra i to eller fleire kommunar kan vedta å opprette eit kommunalt oppgavefellesskap for å løyse felles oppgaver. Samtlige deltakarar i det kommunale oppgavefellesskapet skal vere representert med minst eitt medlem i representantskapet, veld av kommunestyret. Dagleg leiar i oppgavefellesskapet kan ikkje vere medlem i representantskapet. Representantskapet er det øvste organet i eit kommunalt oppgavefellesskap. Den enkelte deltakar i eit kommunalt oppgavefellesskap har ubegrensa økonomisk ansvar for sin andel av oppgavefellesskapet sine forpliktingar.

Oppgavefellesskapet sitt namn skal innehalde orda «kommunalt oppgavefellesskap».

Deltakarane i oppgavefellesskapet skal inngå ei skriftleg samarbeidsavtale som skal vedtakast av kommunestyret. Samarbeidsavtalen skal bl.a. fastsette kva oppgaver og myndigheit som er lagt til

oppgavefellesskapet, den enkelte deltakers eigarandel og eventuell innskotsplikt, kor mange medlemmer den enkelte deltakar skal ha i representantskapet, kva oppgavefellesskapet skal rapportere til deltakarane om, m.m.

c) Vertskommunesamarbeid (kap. 20)

Ei kommune (samarbeidskommune) kan overlata lovpålagte oppgåver til ei anna kommune (vertskommune). Vertskommunesamarbeidet kan foregå som eit **administrativt** vertskommunesamarbeid eller vertskommunesamarbeid med felles, **folkevald nemnd**.

I eit administrativt vertskommunesamarbeid vil vertskommunen kunne utføre oppgåver og treffe vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning. Kommunedirektøren i eigen kommune delegerer myndighet til kommundirektøren i vertskommunen etter instruks frå kommunestyret. Kommunar som deltek i eit vertskommunesamarbeid kan avtale å opprette ei felles, folkevald nemnd i vertskommunen, og overlata til denne å treffe vedtak i alle saker. Kvar av deltakarane skal i så fall vere representert med to eller fleire medlem i nemnda. Nemnda kan gje kommundirektøren i vertskommunen myndighet til å gjere vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning.

Det skal opprettast ein samarbeidsavtale mellom deltakarane i eit vertskommunesamarbeid. Avtalen skal vedtakast av kommunestyret. Samarbeidsavtalen skal bl.a. omtale kva oppgaver og myndighet som skal leggest til vertskommunen, kva vedtak i vertskommunen som deltakarane skal orienterast om, korleis det økonomiske oppgjeret mellom samarbeidskommunane og vertskommune skal foregå, m.m.

Vertskommunen har ansvar for å orientere fylkesmannen om at samarbeidet er oppretta. Eventuelle pålegg og sanksjonar frå statlege tilsynsmyndighet skal rettast mot vertskommunen.

Kontrollutvalet i vertskommunen fører kontroll med verksemda i vertskommunen på vegne av alle deltakar-kommunane.

2.4.1 Anna interkommunalt samarbeid


Kommunen inngår i tillegg i fleire ulike former for samarbeid med andre kommunar, utan at slikt samarbeid nødvendigvis har heimel i lovverket. Slikt samarbeid kan for eksempel vere retta mot å løyse konkrete oppgåver i fellesskap, og med ei kostnadsdeling mellom kommunane.

2.5 Stiftingar

Kommunen kan opprette stiftingar åleine eller saman med andre. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt, men har ingen eigarar («eig seg sjølv»). Stiftinga vert leia av eit styre. Kommunen kan verken utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på andel av stiftinga sitt overskot. Ei stifting er såleis ei hensiktsmessig organisasjonsform berre der det er ynskje om å gjere verksemda heilt uavhengig av kommunen, for eksempel verksemd av ikkje-økonomisk karakter med eit sosialt eller kulturelt formål. Etablering (og oppløysing) av stiftingar skal skje etter Lov om stiftelser av 15.06.2001 nr. 59.

2.6 Samandrag

Graden av kommunestyret sin mulighet for styring og kontroll varierer ved dei ulike organisasjonsformene. Dette kan illustrerast i figuren under:



3. Oversikt over kommunalt eigarskap i Vestre Slidre kommune

Vestre Slidre kommune har pr. 01.01.2020 direkte og indirekte eigarskap i 6 aksjeselskap (AS), 6 interkommunale selskap (IKS), og 1 pensjonselskap (KLP). I tillegg har kommunen 17 interkommunale oppgåve- og vertskommunesamarbeid etter kap. 18, 19 og 20 i kommunelova.

3.1 Aksjeselskap

Selskap	Eigarandel	Aksjer (antal)	Investert beløp/Bokført verdi
Valdres Folkemuseum/Valdresmusea AS	1,25 %	3 132	33 825
Valdres Energiverk mor AS	33,33 %	500	10 000 000
Valdres Arbeidssenter AS	8,80 %	352	353 760
Eidsiva Energi AS	0,31 %	1 059 593	16 613 793
Valdreslab AS	10,95 %	22	61 200
Valdres Næringshage AS/VNK	1,33 %	2	21 000

3.2 Interkommunale selskap (IKS)

Selskap	Eigarandel	Deltakarar	Andelskapital/ bokført verdi
Valdres Lokalmedisinske Senter - Eigdedom IKS	13,00 %	Alle kommunar i Valdres	1 164 179
Valdres kommunale renovasjon IKS	12,40 %	Alle kommunar i Valdres	437 425
IKT Valdres IKS	16,67 %	Alle kommunar i Valdres	333 333
Kommunerevisjon IKS	10,00 %	Alle kommunar i Valdres + 4 kommunar i Hallingdal	125 000
Valdres Brann- og redningstjeneste IKS	20,00 %	Alle kommunar i Valdres untatt Nord-Aurdal	0
Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep IKS	Fordelt etter innbyggertal	Alle kommuner i Valdres + Gjøvik, Østre Toten, Vestre Toten, Søndre Land, Nordre Land, Lunner, Gran, Øyer, Lillehammer	0

3.3 Interkommunale samarbeid etter kap. 18, 19 og 20 i kommunelova

Tenester	Selskapsform	Deltakarar	Eigarandel VSK	Vertskommune
Skatteoppkreveren for Valdres	Kap. 19	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal
Valdres-GIS	Kap. 19	Alle valdreskomm.	12,2 %	Vang
Innkjøp- og Forsikringsordningen for kommunene i Valdres (FOKVA)	Kap. 19	Alle valdreskomm.	12,2 %	Sør-Aurdal
Valdres natur- og kulturpark	Kap. 19	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal
IKA Opplandene (interkommunalt arkivdepot)	Kap. 19	Kommunar og fylkeskommunar i Innlandet	-	Innland fk
PP-teneste	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal
Institusjonslokale/VLMS Bygg	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal
Jordmorteneste	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal
Valdres legevakt	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal
VLMS Intermediær/KAD	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal
NAV Valdres (administrasjon)	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal
Rusmiddelarbeid	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal
Felles barnevernteneste Vang og Vestre Slidre	Kap. 20	Vestre Slidre og Vang	57 %	Vestre Slidre
Felles psykologiteneste for Øvre Valdres	Kap. 20	Vestre Slidre, Øystre Slidre, Vang	32,5 %	Vestre Slidre
Krisesenteret i Hønefoss	Kap. 20	Alle Valdreskomm + Gran, Hole, Jevnaker, Krødsherad, Lunner, Modum, Ringerike, Sigdal	2,05 %	Ringerike
Felles Barnevernvakt	Kap. 20	Alle Valdreskomm. + Ringerike, Hole, Hol, Al, Gol, Nes, Flå, Hemsedal	2,80 %	Ringerike
Alarmsentral 110	Kap. 20	46 kommunar i Innlandet	56 pr innb.	Hamar

3.4 KLP

Vestre Slidre kommune er både kunde og eigarmedlem i KLP Pensjon, og pliktar å innbetale eigenkapitaltilskot ved behov, slik at KLP til ei kvar tid er sikra tilfredsstillande soliditet.

Eigenkapitaltilskotet kan berre tilbakebetalast dersom kommunen seier opp kundeforholdet sitt til KLP.

Ved utgangen av 2019 var akkumulert eigenkapitalinnskot kr 6.379.379,-.

3.5 Organisasjonar/foreiningar

Vestre Slidre kommune er også medlem i foreiningar og organisasjonar gjennom betaling av medlemskap. Slike medlemskap bidreg til at kommunens interesser vert ivaretatt best mogeleg. Dette gjeld bl.a medlemskap i Kommunenes interesseorganisasjon (KS), Lands sammenslutningen av vasskraftkommunar (LVK), HAVA Bedriftshelsetenesten i Valdres og Hallingdal, og Landsamanslutninga av nynorsk kommunar.

4. Eigarskapspolitikk

Eigarskapspolitikken omhandlar dei prinsippa og retningslinjene som Vestre Slidre skal legge til grunn for eigarskapet sitt i selskap (AS og IKS). Litt forenkla kan ein seie at eigarskapspolitikken er dei krava kommunen stiller til seg sjølv som eigar. Desse føringane skal bidra til å utvikle eit eigarskap som tek vare på kommunens interesser og omdøme.

4.1 Førmålet med kommunen sitt eigarskap

Ein eller fleire av dei fem kategoriane nedanfor bør leggest til grunn for utforming av mål og motiv for dei selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert, dvs. sikre at investert kapital oppnår høgast mogeleg avkastning over tid
- Politisk motivert, for eksempel behalde og vidareutvikle arbeidsplassar
- Effektivisering av tenesteproduksjon, for eksempel renovasjon, legevakt, brannvern, o.l.
- Samfunnsøkonomisk motivert, for eksempel sikre god infrastruktur
- Regionalpolitisk posisjonering

Vestre Slidre kommune skal vere tilbakehaldne med å gå inn som eigar i selskap/stiftingar. Spesielt gjeld dette selskap som har reine forretningsmessige mål. Stifting av nye selskap bør i hovudsak vere samfunnsøkonomisk motivert, eller basert på ynskje om å effektivisere tenesteproduksjonen. Kommunen har eit langsiktig perspektiv ved eigarskapet.

4.2 Vurdering og val av selskapsform

Det er eigar sitt ansvar å sikre ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, eigarstyringsbehov og marknadsmessige forhold.

Dersom selskapet skal ta risiko og operere i ein marknad bør det etablerast eit aksjeselskap. Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi og for fleire kommunar, kan interkommunale selskap (IKS) vere ei hensiktsmessig form, medan verksemd i eigenregi kan passe for kommunale føretak (KF). Stiftingar bør ikkje brukast for verksemd som krev eigarstyring.

4.3 Val av utsending til generalforsamling/representantskap og val av styre

I følgje KS anbefaling for aktivt eigarskap (pkt 7) er det tilrådd at sentrale folkevalde (ordførar) vert oppnemnt til å representere kommunen i eigarorgana for Aksjeselskap og Interkommunale selskap. Dette vil bidra til å forenkla samhandling og kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet. Medlemmer av representantskapet i IKS er vald av kommunestyret etter kommunelova sine retningsliner, og andre kan ikkje møte etter fullmakt (i motsetning til i AS). Det bør derfor oppnemnast varamedlem for representantskapsmedlemmene.

Det er opp til kvart enkelt eigarorgan (generalforsamling/representantskap) å avgjere kva type kompetanse eit styre skal ha. Eit godt utgangspunkt for denne vurderinga kan vere det aktuelle selskapet sin formålsparagraf og langsiktige strategiar. Det er viktig å oppnemne styremedlem som utfyller kvarandre m.h.t. kompetanse og erfaring. Dersom folkevalde eller tilsette i kommunen er

aktuelle som styremedlem i selskap kommunen har eigarinteresse i, bør det vurderast kor ofte vedkomande vil bli inhabil (for eksempel ordførar eller rådmann). Bruk av leiande politikarar i selskapsstyra kan føre til at vedkomande er inhabil ved handsaming av saker som vedkjem selskapet i kommunestyret/formannskapet.

Rolla som styremedlem er ulik rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig og personleg verv. Eit styremedlem representerer seg sjølv, og ikkje eigarane, og skal ha selskapet sine interesser i tankane.

Ved val av styre til aksjeselskap eller interkommunale selskap bør det vedtektsfestast bruk av valkomitè. Formålet med dette er å sikre kompetanse og samansetting av styret i tråd med formålet til selskapet.

Kommunestyret bør ha ein prinsipiell diskusjon om godtgjering av styreverv (ref. KS anbefaling punkt 16). Godtgjersla bør reflektere kompleksiteten til verksemda, kompetanse og tidsbruk, samt styrets økonomiske og strafferettslige ansvar.

Det er ynskjeleg at eigarane sørgjer for balansert kjønnsrepresentasjon i styra. Dette er lovregulert både i IKS-loven (§ 10) og i aksjeloven (§20-6).

Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva sine i styrevervregisteret (www.styrevervregisteret.no).

4.4 Tilsyn og kontroll

Kommunestyret har både eit tilsyn- og kontrollansvar for å sikre at kommunen når måla sine, at regelverket vert overhalde og at etiske omsyn vert ivareteke. Kontrollen vert utført bl.a. gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltingsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjeld og når ei verksemd er skilt ut i eige selskap.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at det vert ført kontroll med kommunen sine eigarinteresse i selskap, og rapportere til kommunestyret når selskapskontroll er gjennomført.

Ved utøving av eigarskapet i aksjeselskap og interkommunale selskap vert det lagt vekt på at dei valdre representantane i generalforsamling og representantskap utøver kommunen sine eigarinteresse i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

5. Eigarstrategi

Eigarstrategien definerer kva krav kommunen har til selskapet for å sikre at selskapet tek omsyn til dei målsetjingar og formål eigarane har. Den seier m.a.o noko om dei ytre rammene for selskapet. Oppgåva til selskapet sitt styre og administrasjon er å innrette forretningsstrategien innanfor denne ytre ramma.

5.1 Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Selskapet si verksemd skal tydeliggjerast i vedtektene/selskapsavtalen. Innanfor ramma av vedtektene/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategiar. Desse bør vurderast med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

For selskap som opererer innanfor ein marknad, skal prinsippa for utbyttepolitikk klargjerast og fremjast for eigarane. Som hovudregel vil Vestre Slidre kommune stille krav om utbytte frå dei aksjeselskapa kommunen er medeigar i og som driv næringsdrift i vesentleg grad. For tida vert det utbetalt utbytte frå Valdres Energiverk AS og Eidsiva Energi AS.

5.2 Samfunnsansvar, miljø og etikk

Samfunnsansvar og etikk handlar om korleis verdiar vert skapte, og korleis selskapa påverkar menneske, miljø og samfunn. Omdømet til kommunen vil difor i stor grad vere avhengig av korleis kommunen forvaltar sitt samfunns- og miljøansvar. Dette gjeld også dei selskapa og fellesskapa kommunen er involvert i. Kommunale selskap/samarbeidsfora forvaltar fellesskapet sine ressursar. Forvaltninga skal skje på ein måte som samsvarer med befolkninga si oppfatning om rett og galt.

Det er forventa at dei selskapa kommunen er involvert utarbeider retningslinjer som omhandlar etikk og samfunnsansvar, og synleggjer løysingar som påverkar det ytre miljø minst mulig.

5.3 Styret sitt ansvar

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap ligg til styret (ref. aksjelova og lov om interkommunale selskap). Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles, og er såleis ansvarleg for at selskapet vert forvalta i samsvar med formålet med selskapet. Styret skal vere ein støttespelar for leiinga i selskapet, men skal samstundes følgje opp, evaluere og kontrollere leiinga.

Styret bør legge til rette for at flest mulig av eigarorganets medlemmer kan delta i generalforsamlinga/representantskapet slik at dette blir ein effektiv møteplass for eigarane og styret. Styret må også følgje reglane om innkalling og utsending av saksdokument på førehand.

Utanom dette kan det vere hensiktsmessig at eigarar, styret og daglig leiar møtest til uformelle møter, såkalla eigarmøter. Dette er ein uformell arena (utan vedtak) som kan bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet.

VEDLEGG: OMTALE AV DEI STØRSTE SELSKAPA (AS OG IKS)

a) Eidsiva Energi AS (org.nr. 983 424 082)

Adresse: Postboks 4100 Bedriftssenteret, 2317 Hamar

Telefon: 62 12 32 62

Daglig leiar: Øistein Magnar Andresen

Styreleiar: Pål Erik Lønn

Revisor: Ernst & Young AS

Antal tilsette: 73

Aksjekapital: kr 345.709.508,-

Datterselskap: Eidsiva Vannkraft AS (100%), Eidsiva Fiberinvest AS (100%), Eidsiva Vekst AS (100%),
Eidsiva Bioenergi AS (100%), Eidsiva Breiband AS (90%), Laje Nettservice AS (100%)

Økonomiske nøkkeltal:

Tal i heile 1.000	2018	2017	2016
Årsresultat	-65 513	4 930 622	121 219
Eigenkapital			2 683 952
Eigenkapitalandel	48,0 %	43,8 %	23,0 %
Langsiktig gjeld	6 972 672	8 408 942	7 017 517
Avsett utbytte	243 000	150 000	175 000
Gjeld til Vestre Slidre kommune	-	4 656	4 656
Konvertering gjeld til egenkapital, overkurs	873	-	-
Betalt rente til Vestre Slidre kommune	162	162	162
Betalt utbytte til Vestre Slidre kommune	460	536	613

b) ValdresEnergi AS (org.nr. 953 681 781)

Nytt fo.o.m. 2019: Valdres Energiverk Mor AS (org.nr 921 389 256) – stifta 30.08.2018

Adresse: Spikarmoen 16, 2900 Fagernes

Telefon: 61 36 60 00

Daglig leiar: Bjørg Brestad

Styreleiar: Øyvind Dahle

Revisor: Pricewaterhousecoopers AS

Antal tilsette: 37

Aksjekapital: kr 22.800.000,-

Datterselskap: Valdres Fiber AS (100%), Valdres Montasje og Entreprenør AS (100%), Valdres Vekst AS (100%), Kvitvella Electrisitetsverk AS (59%), Fossbråten Kraftverk AS (55%),

Økonomiske nøkkeltal:

Tal i heile 1.000	2018	2017	2016
Årsresultat	8 735	5 928	7 760
Eigenkapital	149 811	144 742	143 606
Eigenkapitalandel	40,8 %	40,8 %	40,2 %
Langsiktig gjeld	158 927	161 390	160 726
Avsett utbytte	3 400	3 400	4 500
Gjeld til Vestre Slidre kommune	20 000	20 000	20 000
Betalt rente til Vestre Slidre kommune	1 236	1 236	1 236
Betalt utbytte til Vestre Slidre kommune	1 133	1 500	1 072

c) Valdres Kompetansevekst AS (org.nr. 887 208 662) – avvikla 2018**F.o.m. 2018: Valdres Arbeidssenter AS (org.nr. 917 149 275)**

Adresse: Kongsvegen 71, 2920 Leira

Telefon: 61 35 78 50

Daglig leiar: Ernst Roar Løksa

Styreleiar: Eivind Snorre Brenna

Revisor: Valdresrevisorene AS

Antal tilsette: 35

Aksjekapital: kr 2.800.000

Datterselskap: Ingen

Økonomiske nøkkeltal

Tal i heile 1.000	2018	2017	2016
Årsresultat	-1 948	428	-556
Eigenkapital	3 586	5 534	5 106
Eigenkapitalandel	22,2 %	32,8 %	28,1 %
Langsiktig gjeld	8 163	9 213	9 763
Avsett utbytte	-	-	-

d) Valdres Folkemuseum AS (org.nr. 989 932 357)

Adresse: Tyinvegen 27, 2900 Fagernes

Telefon: 61 35 99 00

Daglig leiar: Ole Aastad Bråten

Styreleiar: Jan Arild Berg

Revisor: Valdresrevisorene AS

Antal tilsette: 0 (23 tilsette i Valdresmusea AS)

Aksjekapital: kr 250.000,-

Morselskap: Valdresmusea AS

Økonomiske nøkkeltal

Tal i heile 1.000	2018	2017	2016
Årsresultat	53	46	30
Eigenkapital	1 614	1 561	1 514
Eigenkapitalandel	44,9 %	59,8 %	60,9 %
Langsiktig gjeld	1 932	932	933
Avsett utbytte	-	-	-

e) Valdres Kommunale Renovasjon IKS (org.nr. 956 351 111)

Adresse: Postboks 149, 2901 Fagernes

Telefon: 61 36 38 66

Daglig leiar: Eivind Berg

Styreleiar: Bjørg Brestad

Revisor: Kommunerevisjon IKS

Antal tilsette: 55

Andelskapital: kr 2.000.000,-

Datterselskap: Ingen

Økonomiske nøkkeltal

Tal i heile 1.000	2018	2017	2016
Årsresultat	-1 469	-405	-6 022
Eigenkapital	14 589	15 940	16 249
Eigenkapitalandel	14,7 %	16,7 %	16,8 %
Langsiktig gjeld	75 786	73 841	70 751

f) Valdres Lokalmedisinske Senter - Eiendom IKS (org.nr. 998 436 826)

Adresse: Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Telefon: 61 35 25 04

Daglig leiar: Eli Marit Fuglesteg

Styreleiar: Kai Egil Bacher

Revisor: Kommunerevisjon IKS

Antal tilsette: 0

Andelskapital: kr 12.000.000,-

Datterselskap: Ingen

Økonomiske nøkkeltal

Tal i heile 1.000	2018	2017	2016
Årsresultat	-160	160	2 259
Eigenkapital	104 039	112 199	111 389
Eigenkapitalandel	36,9 %	38,1 %	37,2 %
Langsiktig gjeld	175 000	180 000	185 000

g) Kommunerevisjon IKS (org.nr. 976 634 934)

Adresse: Postboks 142, 2901 Fagernes
Besøksadresse: Skifervegen 8, 2900 Fagernes
E-post: postmottak@kommunerevisjoniks.no
Tlf. : 97 53 11 29

Daglig leiar: Didrik Arup Seip Hjort
Styreleiar: Finn Hesselberg
Revisor: Romerike Revisjon IKS
Antal tilsette: 7
Andelskapital: kr 960.000,-
Datterselskap: Ingen

Økonomiske nøkkeltal

Tal i heile 1.000	2018	2017	2016
Netto driftsresultat	-897	194	67
Disp.fond	2 729	2 892	2 940
Langsiktig lånegjeld	-	-	-

h) IKT Valdres IKS (org.nr. 995 607 409)

Adresse: Jernbanevegen 20, 2900 Fagernes
Telefon: 61 35 92 00

Daglig leiar: Gudbrand Hegge
Styreleiar: Haakon Boie Ludvigsen
Revisor: Kommunerevisjon IKS
Antal tilsette: 15
Andelskapital: kr 3.000.000,-
Datterselskap: Ingen

Økonomiske nøkkeltal:

Tal i heile 1.000	2018	2017	2016
Netto driftsresultat	4 947	666	986
Disp.fond	6 463	3 605	1 602
Langsiktig lånegjeld	8 687	8 070	10 179

i) Valdres Brann- og redningstjeneste IKS (org.nr. 920 213 820), stifta 21.12.2017

Adresse: Skrautvålsvegen 77, 2900 Fagernes

Tlf. 905 11 955

Daglig leiar: Laila Lien Listerud Østgård

Styreleiar: Lars Jostein Aanestad

Revisor: Kommunerevisor IKS

Antall tilsette: 90 (hovedsakelig deltid)

Datterselskap: Ingen

Økonomiske nøkkeltal:

Tal i heile 1.000	2018	2017	2016
Netto driftsresultat	182		
Disp.fond	-		
Langsiktig lånegjeld	35 458		